

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020

## Etablering av ny ordning for partnarskapsmidlar og samarbeidsavtalar

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar å lyse ut partnarskapsavtalar for 2021-2022 med moglegheit for eitt års forlenging.
  - a. Utlysinga er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020 og i Utkast til Regional planstrategi 2021-2024 og reviderte retningsliner for næringsretta partnarskapsmidlar med verknad frå 2021
  - b. Aktuelle søkjavar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.
2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar at vurdering av søknader om partnarskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterium knytt til prioriterte aktørar.
  - a. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020.
  - b. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
  - c. I kva grad aktøren bidrar til å
    - i. nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
    - ii. yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
  - d. Aktøren samlar og styrker arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.
  - e. Det vil bli lagt vekt på at søker har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.

### Samandrag

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har hatt partnarskapsavtalar med ulike partnarar i sitt fylke over lang tid. Partnarskapsavtalane er tildelt aktørar som vert vurderte som strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland.

Hordaland fylkeskommune har hatt ei søknadsbasert ordning med tilsegn for perioden 2018-2020. Sogn og Fjordane har ei anna ordning, der ein har hatt fleirårige avtaler med eit fåtal aktørar. I 2020 har vi hatt ei overgangsordning, men fylkeskommunen treng ei ny ordning framover. Denne saka presenterer eit forslag til ny ordning.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
Seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Som ledd i fylkessamanslåinga er det naudsynt å harmonisere ordning for næringsretta partnarskapsmidlar, i 2020 har vi hatt ei overgangsordning. Denne saka presenterer erfaring frå dagens ordning og føreslår ei ny ordning for partnarskapsmidlar frå 2021.

Næringsretta partnarskapsavtalar og midlane som følger med er ikkje knytt til prosjekt, men støtte til aktivitet aktøren gjennomfører som del av sitt virke og som støtter opp om regionale planer og handlingsprogram. Det vert løyvd midlar til aktørar som vert vurderte som strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland.

For å nå måla i dei regionale planane treng Vestland fylkeskommune partnarar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og med kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjoner i fylket har stor kompetanse, og unik nærliek til næringsaktørar og ulike geografiske område, og som kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket. Fylkeskommunen ønsker difor å inngå partnarskapsavtalar med aktørar som kan hjelpe oss å nå målsettingane for innovasjon og næringsutvikling. Med avtalane følger ansvar for oppgåver, men også eit finansielt bidrag og nettverk med dei andre partnarskapsaktørane.

### Historikk

Hordaland fylkeskommune innførte i 2017 ei søknadsbasert ordning med tilsegn for perioden 2018-2020. Sogn og Fjordane har hatt ei anna ordning, der ein berre har hatt fleirårige avtaler med eit fåtal aktørar, mens andre har fått prosjektstøtte tildelt i tråd med prioriteringar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane. Nokre avtalar i begge fylka har vore basert på eigarskapsforpliktingar, mens andre har vore baserte på søknad.

### Praksis i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har i ei rekke år støtta organisasjoner og tiltak som har vorte vurderte som strategisk viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune løyvde årleg partnarskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar etter vedtak i fylkesutvalet. Forvaltingsrevisionen som vart gjennomført for Regionale utviklingsmidlar i 2016, peika på uklare retningsliner for tildeling av partnarskapsmidlar, særleg med omsyn til utlysing av midlane. På bakgrunn av dette gjorde fylkesutvalet i møte 23.05.2017 vedtak om å opprette ei søknadsbasert ordning for næringsretta partnarskapsmidlar for åra 2018-2020. Som resultat vart det i samband med budsjettet for 2018 gjeve støtte til 29 partnarskapsavtalar for perioden 2018-2020, totalt kr 14 898 000 pr. år.

Søknadane vart vurderte opp mot kriteria vedteken av Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Kriteria var:

- Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringer og/eller vekst i eksisterande bedrifter.
- Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.
- Aktøren har innsatsen retta mot område/regionar med høg eller vekst i arbeidsløysa.

I tillegg var følgande punkt drøfte i særskilte tilfelle:

- Aktørar med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon
- Aktørar som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

Søknadane vart vurderte av eit fagpanel, kor søknadane blei gitte karakter ut frå dei kriteria som Fylkesutvalet hadde vedtatt. Fagpanelet var sett saman av personar med samansett kompetanse og ulik kjennskap til dei respektive søkerane. I fylkesrådmann sitt forslag til dei einskilde støttesummane, var det lagt vekt på kvaliteten i søknaden, total finansiering av aktøren og finansiering frå andre fylkeskommunar. I sine vurderingar la Fylkesrådmann lagt mest vekt på det første kriteriet: a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringer og/eller vekst i eksisterande bedrifter.

### Praksis i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane har hatt eit fåtal fleirårige avtaler, men fleire tilskot som har vore av fast karakter og regulert i mellom anna budsjett og økonomiplan. Det blei valt ei løysing der 2019 var siste avtaleår, og tanken bak dette var at den nye fylkeskommunen skulle stå friare frå 2020. Avtala

med Fjord Norge er løpende. Denne må seiast opp eitt år i førevegen. Avtalen er no sagt opp, og ny avtale frå 2021 vert tinga fram saman med Rogaland og Møre og Romsdal.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta aktiviteten til ei rekke samarbeidspartnarar gjennom mange år. Noko av støtta har blitt gitt gjennom fleirårige avtalar, noko gjennom vedtak direkte i budsjett, og noko gjennom eigne politiske saker. Felles for løvyingane er at dei normalt er lagt inn i budsjett og økonomiplan, noko som har gjort dei føreseielege. Dei fleste av desse tildelingane har gått over fleire år, og mange kan reknast som faste driftstilskot knytt til ein aktør eller program. I mange tilfelle har det blitt bedt om søknader. Det har vore krav om levering av årlege handlingsplanar, budsjett, og rapportar. Avtalane har regulert eit årleg tilskot til partnarane, men ofte også korleis partnarane skal jobbe for å realisere mål i dei regionale planane, og samarbeid mellom partane.

Samarbeidet med partnarar har ikkje vore formalisert med felles kriterium for alle partnarar som i Hordaland, men vore vurdert ut frå mål i Verdiskapingsplanen, prioriteringar i budsjett og økonomiplan og andre omsyn.

#### Ordning i Vestland i 2020

Ved overgang til Vestland fylkeskommune valde ein å stå ved avtalane Hordaland hadde inngått ut 2020, og det vart laga ei overgangsordning for dei som har hatt tilsvarende avtalar/midlar i Sogn og Fjordane, slik at alle har fått føreseielege tilhøve. I vedlegg 1 på slutten av saksutgreiinga er oversikten frå Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020 over dei som har partnarskaps- og samarbeidsavtalar i 2020.

#### Vurdering av ordninga

Signal frå dei som har hatt partnarskapsavtalar er at det har vore positivt og viktig med dei finansielle bidraga. For nokre av partnarane har beløpa i avtalen utgjort ein liten del av totalbudsjettet til partnaren. Desse partnarane har likevel ytra seg positivt om avtalen av andre årsaker. Partnarskapsavtalar gir avtalepartnaren legitimitet og tyngde i dialog med andre finansieringskjelder. Som ein del av nokre partnarskapsavtalar har fylkeskommunen observatør i styra. Det har av fleire vore framheva som positivt. Partnarane har gitt utsyn for at det er viktig at fylkeskommunen er opptatt av at dei skal bidra i regional utvikling, og at fylkeskommunen lyttar til dei behova og den lytteposten dei er for sine brukarar.

Det har ikkje vore konkrete systematiske måleindikatorar knytt opp til ordninga.

I begge fylka har avtalene har vore følgje opp gjennom årleg rapportering frå avtale partnar og sjekka opp mot partnarskapsavtalen. I tillegg har partnarar vore invitert til dialogmøte. Dei to siste åra har vore felles for partnarskapane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Møta har vore ein arena for informasjonsutveksling, dialog og innlegg. Det siste møtet var arrangert i Bergen 13. juni 2019 .

#### Forslag til ny søknadsbasert ordning frå 2021

I dialogen med partnarane er det kom fram at fylkeskommunen sitt bidrag er viktig for gjennomføring av aktivitetar. Samtidig som avtalane også har gitt partnarane legitimitet overfor andre moglege finansieringskjelder.

Med eit nytt fylke og mange prosessar i flyt kan ein vurdere tidspunktet for utlysing av næringsretta partnarskapsmidlar. For fylkeskommunen og for aktørane som har partnarskapsavtalar er det viktig at det vert kontinuitet og føreseieleg samarbeid, og arbeidet med tilrettelegging for næringsutvikling og innovasjon. Særleg no i lys av korona-pandemien som gir næringslivet ekstra utfordringar. Det er difor viktig å også ha partnarskapsavtalar i 2021. Fylkessdirektøren har vurdert ulike alternativ.

- Forlenging av eksisterande planer med eitt år. Dette opnar ikkje opp for nye aktørar.
- Ei eittårig avtale i påvente av ein ny regional plan for næring og innovasjon. Opnar opp for nye aktørar. Men gir liten føreseielegheit og kan skape usikkerheit hjå partnarane. Ekstra arbeid både i administrasjonen og hjå avtalepartane som må søke fleire gonger
- Ein to-årig avtale som bygger på dagens to planar og handlingsprogram. Opnar opp for nye aktørar. Skaper meir føreseielege rammer. Vi er i ein usikker situasjon no med korona-pandemien - viktig å ha merksemdu på dei viktige tinga for å legge til rette for næringslivet og næringsutvikling og innovasjon i fylke.

Fylkessdirektøren føreslår å gå for ein toårig avtale med moglegheit for eitt-års forlenging.

Parallelt med utlysing av partnarskapsmidlane vert det arbeidd med ein ny regional plan for næringsutvikling og innovasjon. Denne vert først ferdig våren 2021. Inntil ny plan er vedtatt har fylkeskommunen to gjeldande planar for næringsutvikling; verdiskapingsplanen i Sogn og Fjordane og regional plan for næringsutvikling i Hordaland. Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 bygger på desse. I desse dagar vert utkast til «Regional utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 - regional planstrategi» lagt ut på høyring. Dei fire målsettingane og strategiane som er føresiått der gir også føringar for næringsutviklingsarbeidet. Slik fylkesdirektøren vurderer det, er det ingen konflikt mellom innsatsområda i handlingsprogrammet og målsettingane i den regionale planstrategien. Fylkesdirektøren anbefaler at partnarskapsmidlane vert lyst ut med referanse til dei sju innsatsområda i handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020.

Når vi studerer kven det har vore etablert partnarskapsavtalar med tidlegare så ser vi at dei kan delst inn i ulike kategoriar og at i høve nokre av dei er rammene endra under går vi gjennom identifiserte problemstillingar knytt til desse kategoriane.

#### Eigarskapsforpliktingar:

Bergen Vitensenter og Fjord Norge AS har vore rekna som partnarskapsmidlar men tildelinga er forankra i vedtekter eller eigarskapsforpliktingar. Avtala med Fjord Norge er løpende. Denne må seiast opp eitt år i førevegen. Avtalen er sagt opp av både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ny avtale frå 2021 vert tinga fram saman med Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommune. Meir om Fjord Norge AS under Reiselivsnæringa. Fylkesdirektøren rår til at desse ikkje vert rekna som næringsretta partnarskapsavtalar då dei har ein anna karakter enn dei andre. Løyvingar knytt til eigarskapsforpliktingar bør handterast direkte i budsjettet.

Fylkeskommunen har også nokre andre forpliktingar gjennom strategisk eigarskap. Desse er av ulik karakter. Ofte er dei oppstått fordi fylkeskommunen har identifisert at det er eit manglande tilbod og har så saman med andre bidratt til å etablere eit nytt tilbod.

- Stiftinga Vestlandsforskning, Sogndal - Sogn og fjordane fylkeskommune var ein av stiftarane av Vestlandsforskning. Fylkestinget utpeiker styre og styreformann i stiftinga og har årleg tildelt dei ei grunnfinansiering mot at dei yter bidrag til innovasjon i fylket. Midlane har i hovudsak vore nytta til kompetanseheving for dei tilsette. Vestlandsforskning opererer i ein svært konkurransesett marknad. Dei er eit av svært få sjølvstendige regionale forskingsinstitutt att i Norge. Det å oppretthalde eit slikt FoU-miljø i nordre del av fylke vil vere viktig for innovasjon i både offentleg og privat sektor og for næringsutvikling i distriktsområda i Vestland fylke.
- Framtidsfylket AS, - blei stifta i 2008. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane blei aksjonær i 2009, men dette fører ikkje med seg juridisk bindande forpliktingar. Framtidsfylket arbeider med rekruttering til bedrifter i Sogn og Fjordane og arrangerer mellom anna karrieremesser i universitetsbyane. Dei opererer også ei svært vellukka traineeordning. Framtidsfylket ser på ei geografisk utviding av sitt arbeid, og samarbeider mellom anna med Trainee Indre Hordaland. Dei har sidan starten fått 1 mill. kr årleg (grunnfinansiering) frå Stiftinga Rekomp som har vore avgjerande for drifta. Finansieringa av Rekomp har kome frå kompensasjonsmidlar som Sogn og Fjordane fylkeskommune har disponert. Desse midlane er no brukt opp. Framtidsfylket har også fått årleg støtte til karrieremesser, både direkte frå fylkeskommunen og gjennom fylkeskommunen sine avtalar med regionråda.
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, og Atheno AS- Fylkeskommunen har eigarskap i begge desse selskapa og har fått partnarskapsavtale kytt til inkubatorverksemda si. Begge vil bli vurderte i samanheng med dei andre inkubatorane. Meir om inkubatorar lenger nede i utgreiinga.

#### Reiselivsnæringa

Praksisen i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore ulik. Partnarskapsavtalen med destinasjonsselskapa i Hordaland har omfatta felles koordinert innsats i regi av destinasjonsselskapa. I Hordaland har tildelinga vore på kr 600 000. I Sogn og Fjordane har tildelinga samla vore 2 200 000kr, og blitt fordelt mellom destinasjonsselskapa etter ein fordelingsnøkkel. Fordelingsnøkkelen er rekna ut frå gjennomsnitt gjestedøgn i ein treårsperiode. Destinasjonsselskapa har i regelen ansvar for produktutvikling, medan Fjord Norge AS har ansvar for internasjonal marknadsføring.

I handlingsplan for reiseliv 2020 er det slått fast eit mål om å styrke destinasjonane si evne til utvikling og gje dei destinasjonane som treng det eit løft. Behovet vil vere ulikt for kvar destinasjon og fleire av destinasjonane er i gang med prosjekt knytt til dette allereie. I ei innleidande fase vil det vere behov for ei kartlegging av eksisterande prosjekt og strukturar, finne ut kven som treng kva for å ta utviklarolla, og kva som må til for å sikre at vi har ein minimum standard på det vi leverer til tilreisande. Ein skal no gjennomføre eit arbeid der ein skal finne ut korleis dette skal organiserast og gjennomførast.

Det vert no tinga fram ein ny avtala med Fjord Norge AS, saman med Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommune, som skal behandlast av vårt fylkesting. Det vert sett av midlar i budsjettet for 2021 og framover, som ei oppfølging av denne avtala. Det er viktig å sikre god oppgåvædeling mellom landsdelsselskapet Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa.

I lys av dette arbeidet skal følgjeleg Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa ikkje søkje om partnarskapsmidlar i den føreståande runda, desse midlane vert å legge inn i budsjett for 2021.

#### Regionråd

Avtalar med regionråda har blitt praktisert ulikt i dei to gamle fylka, noko som mellom anna har vore knytt til kva rolle og oppgåve regionråda har hatt i fylka.

I Hordaland har regionråda hatt partnarskapsavtalar med fylkeskommunen, sist for 2018 til 2020 til liks med andre partnarar, og oppgåvene i avtalane er knytt til rådgjeving og rettleiing for bedrifter og etablerarar, informasjon, kompetanse. Avtalane har vore knytt til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. I Hordaland har regionråda fått til saman 1 150 000 kr, delt på 230 000 kr til tre regionråd, 330 000 kr til eit og 130 000 kr til eitt regionråd.

I Sogn og Fjordane har ikkje regionråda ikkje hatt noko formell rolle i arbeidet mot etablerarar og bedrifter, dette ansvaret er det kommunane som har hatt Avtalane i Sogn og Fjordane har vore knytt til ulike regionale planar og strategiar, til dømes regional plan for verdiskaping, regional plan for kysten, regional plan for klima, og regionen sitt eige handlingsprogram. I Sogn og Fjordane har det vore avtalar i ei årrekke, siste for 2018-2019. I avtalane har partane blitt einige om prioriterte område i samsvar med fylkesdekkande og regionale planar. Det har blitt lagt vekt på innsatsområde som kommunane er tente på å løyse gjennom eit regionalt samarbeid. Dei fire regionråda har fått til saman 2 000 000 kr, delt med 500 000 på kvart regionråd.

Dei siste åra har ansvaret for regionråd i Hordaland vore lagt til næringsavdeling, medan ansvaret i Sogn og Fjordane har vore lagt til planstaben. Fordi Hordaland sine avtalar går ut 2020 er ansvaret i 2020 lagt i to ulike avdelingar. Frå 2021 er ansvaret for regionråda lagt til Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering. Det inneber at regionråda ikkje skal søkje om partnarskapsmidlar i den føreståande runda.

#### Kommunane i Vestland

Avtalar med kommunane har blitt praktisert ulikt i dei to gamle fylka. I sak 14/19 Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 i Fylkestinget vart det vedtatt at: *Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.*

Vidare i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon i samband med Sak 20/20 vart det gjort følgande vedtak: *Hovudutvalet ber administrasjonen kome attende med ei sak i vår der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland.*

Det vert no arbeidd fram ei slik sak til drøfting i for Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon på junimøtet. I påvente av dette arbeidet skal kommunane i Vestland ikkje søke partnarskapsmidlar i den komande runda.

#### Inkubatorar og næringshagar

Frå 1.1.2020 har Fylkeskommunen overtatt oppdragsgivar ansvaret for Siva sitt program for inkubatorar og næringshagar. Tildelinga til desse organisasjonane går no frå departementet via fylkeskommunen og SIVA. Det er fylkeskommunen som skriv oppdragsbrev og som påverkar fordeling av midlar. Både inkubatorar og næringshagar skal ha ei viss eigenfinansiering utanom tilskota frå SIVA. Det er fem inkubatorar og seks næringshagar i Vestland fylke og ein næringshage som er delt mellom fylka Rogaland og Vestland.

Hordaland fylkeskommune har hatt partnarskapsavtalar med tre av næringshagane (den fjerde leverte ikkje søknad). Kvar har fått 50 000 kr i støtte til drifta. Inkubatorane har fått mellom 400 000 og 600 000 kr i støtte. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok etter 2017, då ein ikkje lenger var forplikta til å støtte næringshagane, å ikkje lenger gje direkte støtte. Men i 2019 støtta

ein eit fleirårig prosjekt med felles koordinator og samarbeid mellom dei næringshagane som ville vere med i prosjektet. Inkubatorane har fått støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune så lenge dei har vore i inkubatorprogrammet. Midlane har blitt sett av i budsjet og økonomiplan, men dei har måtte levere årlege søknader med årsplanar og budsjet. Inkubatorane i nordfylket fekk 700 000 og 1 100 000 kr i 2020.

Både næringshage- og inkubatorprogrammet skal endrast og eit nytt program skal vere på plass til 2023. Ein må også sjå dette i samanheng med vedtak i Hovudutvalet 11.3.2020 (Saknr: 2020/39749-1) der det vart vedtatt å arbeide fram ein strategi for korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagar, inkubatorar og klynger vidare. Denne strategien ligg noko fram i tid då den må sjåast i samanheng med regional plan for næringsutvikling og innovasjon og rulleringa av næringshage- og inkubatorprogrammet. Fylkesdirektøren vil anbefale at inkubatorar og næringshagar kan søke partnarskapsmidlar også i denne utlysinga, men det kan vurderast om tildelinga vert kanalisiert gjennom oppdragsbrevet og tildelinga til SIVA, eller om det bør vere ei eigen avtale.

#### Klynger:

Innovasjon Norge sitt klyngeprogram er viktig for utvikling i Vestland fylke, også omtalt om klyngefylket. Fylkeskommunen har ikkje oppdragsgivaransvar for Klyngeprogrammet slik vi fekk for enkelte andre ordningar i Innovasjon Norge frå 1.1.2020. Det er sju klynger i fylket fordelt med to Arena klynger, fire NCE klynger og ein GCE klynge. Ikke alle klyngene har partnarskapsavtale med fylkeskommunen. Ein må også sjå dette i samanheng med vedtak i Hovudutvalet 11.3.2020 (Saknr: 2020/39749-1) der det vart vedtatt å arbeide fram ein strategi for korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagane, inkubatorar og klynger vidare. Denne strategien ligg noko fram i tid da den må sjåast i samanheng med regional plan for næringsutvikling og innovasjon. Fylkesdirektøren vil anbefale at klyngene er kan søke partnarskapsmidlar også i denne utlysinga.

#### Prosjekt

Prosjektarbeid skal ikkje finansierast over dei næringsretta partnarskapsmidlane. I 2020 er eit prosjekt med på lista over partnarskap og samarbeidsavtalar Teknoløftet v/ Høgskulen på Vestlandet. Dette er eit langsigttig prosjekt, der fylkeskommunen har ein samarbeidsavtale. Fylkesdirektøren vil tilrå at prosjekt ikkje vert finansiert over partnarskapsmidlane men må budsjetterast inn i andre postar.

Fylkesdirektøren føreslår at aktuelle søkerar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Fylkesdirektøren rår til ei maksimal tildeling er 1 million kr, men at tildelinga vil variere, dei fleste tildelingar vil ligge vesentleg lågare, så oversikt frå Handlingsprogrammet for over tildelinga i 2020 for døme.

#### Tidsplan for utlysing

For å få på plass finansiering til partnarskapsavtalane må saksbehandlinga vere klar til budsjettprosessen hausten 2020. Fylkesdirektøren føreslår difor følgande framdrift for tildeling av avtalar og midlar

- a. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar utlysing
- b. Mai 2020 lyser ut partnarskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar for perioden 2021-2022 med moglegheit for 1 års forlenging
- c. Søknadsfrist ca 19 Juni 2020
- d. September 2020 sak til Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon knytt til budsjettframlegget
- e. Desember 2020: Fylkestinget vedtar i budsjettet kva aktørar som skal få næringsretta partnarskapsmidlar for 2021-2022, med moglegheit for forlenging ut 2023.

#### Vurderingskriterium

Vurdering av søknad om skal gjerast opp mot følgjande kriterium:

- a. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020?.
- b. Det vil bli lagt vekt på at søker har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.

- c. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
- d. I kva grad aktøren bidrar til å
  - i. nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
  - ii. yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
- e. Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Utan samarbeid med dei næringsretta partnarane i heile fylket vil fylkeskommunen ha problem med å nå strategiske mål. I 2020 opererer med tildelingar på 24 mill kr, men endeleg beløp vil gå fram av budsjett 2021.

**Klima:** Næringsretta partnarskapsavtalar kan og vere knytt til å nå klimamålsettingar.

**Folkehelse:** Næringsretta partnarskapsavtalar er viktig for å utvikle næringss- og arbeidslivet i heile fylket. Arbeid er viktig for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Næringsretta partnarskapsavtalar bidrar til å nå målsettingar innovasjon og næringsutvikling i regional planstrategi

Konklusjon

I saksutgreiinga er lengde og forankring av partnarskapsavtalane drøfta. Basert på drøftinga rår fylkesdirektøren til å inngå toårig avtale med moglegheit for eitt års forlenging med utvalde aktørar basert på søknad. Partnarskapsavtalane vert lyst ut med referanse til dei sju innsatsområda i handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020.

Fylkesdirektøren føreslår at aktuelle søkjavarer er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging av innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Desse er ikkje søkegode til partnarskapsavtalane

- Bergen Vitensenter som er ei eigarskapsforplikting som skal innarbeidast på anna vis i budsjettet
- Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa der er ein iferd med å forhandle fram ny avtale med Fjord Norge og ein må sikre god oppgåvedeling mellom landsdelsselskapet Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa.
- Regionråda - ansvaret for desse er overført Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering
- Kommunane i Vestland - i påvente av sak om tildeling til kommunane og kommunale næringssfond
- Prosjekt
- Bedrifter, etablerarar og privatpersonar

Fylkesdirektøren rår til at partnarskapsavtalane fører til ei maksimal tildeling er 1 million kr men at tildelinga vil variere og dei fleste tildelingar vil ligge vesentleg lågare.

Fylkesdirektøren rår vidare til at det vert lyst ut partnarskapsavtalar i samsvar med vurderingskriteria i forslag til vedtak.

**Vedlegg 1**

Oversikt over partnerskap og samarbeidsavtalar i 2020. Oversikten er henta frå Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020

**a) Partnerskap og samarbeidsavtaler**

Vestland fylkeskommune har ulike samarbeidsavtalar og partnerskap med ei rad aktørar som er vurdert som strategisk viktige for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtaler med fylkeskommunen om å arbeida med mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet. Det er sett av til saman 24 000 000 kroner til næringsretta partnerskap i fylkesbudsjettet for 2020.

• Bergen Vitensenter	kr 3 000 000
• Fjord Norge AS	kr 6 000 000
• Atheno	kr 600 000
• Nyskapingsparken BTO	kr 700 000
• Industriutvikling Vest	kr 600 000
• Reiseliv: fellesoppgåver	kr 600 000
• Nordhordland IKS	kr 230 000
• Samarbeidsrådet i Sunnhordland	kr 230 000
• Øygarden/Gründerparken	kr 330 000
• Osterfjorden	kr 130 000
• Hardangerrådet IKS	kr 230 000
• Western Norway Film Commission	kr 588 000
• Maritime Bergen	kr 320 000
• Design Region Bergen	kr 420 000
• HOG Energi/Energi Vestland	kr 500 000
• Impact Hub Bergen	kr 420 000
• Connect Vest	kr 500 000
• Mediefondet Zefyr	kr 800 000
• Ungt Entreprenørskap i Vestland	kr 900 000
• Matarena AS	kr 150 000
• NCE Seafood Innovation Cluster	kr 100 000
• Mediakuben – BTO	kr 400 000
• NCE Maritime CleanTech	kr 300 000
• NCE Media	kr 100 000
• GCE Subsea	kr 100 000
• Næringshagen på Voss	kr 50 000
• Næringshagen i Nordhordland	kr 50 000
• Næringshagen i Gulen og Masfjorden	kr 50 000
• Aksello si inkubatorverksemrd	kr 700 000
• Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane si inkubatorverksemrd	kr 1 100 000
• Mediefondet Zefyr	kr 215 000
• Destinasjonsselskapa	kr 2 200 000
• Vestlandsforskning – grunnstønad	kr 1 000 000
• IT-Forum Sogn og Fjordane	kr 500 000
• Teknologiet v/ Høgskulen på Vestlandet	kr 1 000 000